


Oppdragsgjevar: **Vanylven kommune**
Oppdragsnr.: **52206470** Dokumentnr.: **1**

Til: Vanylven kommune v/A. C. Nørve
Frå: Håvard Parr Dimmen
Dato: 2022-09-14

► Trafikkvurdering: Myklebust barne- og ungdomsskule, Syvde

For Vanylven kommune er det aktuelt å ta i bruk den tidlegare vidaregåande skulen i Syvde som ny ungdomsskule. Bygget har gateadresse Bjårdalen 2. I samband med dette har Norconsult gjort ei trafikkvurdering av tilhøva ved skulen. I dette notatet er det først og fremst trafikktryggleiken i samband med kryssing av kommunal veg Bjårdalen det har vore fokusert på.



Figur 1 Utsnitt av Syvde med markering for aktuell ny skule (kommunakart.no)

1. Trafikk i kv. Bjårdalen, vegen mellom ny og gammel skule



Figur 2 Vegsystemet ved nærområdet til skulen (kommunekart.com)

- **Grøn markering:** Start på fartsgrensesone 30 km/t
- **Gul markering:** Snitt for vurdering av trafikkmengde
- **Blå markering:** Snitt for alternative ruter inn i området
- **Raud oval:** Husstandar/husvære med kort veg til overordna veg via "gult snitt".

Det er 12 husstandar innanfor dei raude ovalane:

- 4 einebustadar: Bjårdalen 1,3,5,6
- 8 mindre husvære: Bjårdalen 2A-2D og 4A-4D.

Gjennomsnittleg biltrafikk på kvardagar er vanlegvis rekna til 2,5-5 bilturar pr. husstand. Lokalisering/avstand til viktige sentrumsfunksjonar, storleik på husstanden og alder på dei som bur i huset vil spele inn. Dersom ein reknar stor bilbruk gir dei 12 husstandane om lag 60 bilturar/dag. I bustadområde er det typisk "rushtid" i samband med arbeidsreiser til/frå heimen. Ved desse tidspunkta er det vanlegvis lite skulerelatert trafikk.

Dei markerte husstandane (raud oval) har alternativ veg forbi skulen (blå snitt). Sjølv om det også kan vere andre som køyrer forbi her, ser ein at det neppe kan vere snakk om særleg stor trafikkmengd. Til dømes er det få med reisemål nord for Syvde som vil passere det gule snittet.

- Det er lite trafikk i kv. Bjårdalen som passerer Bjårdalen 2 (den nye ungdomsskulen).

Oppdragsgiver: Vanylven kommune
Oppdragsnr.: 52206470 Dokumentnr. 1

2. Moglege trafikkregulerande tiltak

Ein kan forvente at ungdomsskuleelevar har både forståing for og røynsle med trafikk og trafikkreglar. Med såpass lite trafikk i Bjårdalen kan ein vanskeleg sjå at dette skal vere eit trafikktryggleiksproblem. Vi nemner likevel nokre tiltak som gjerne blir brukt i samband med trafikktrygging.

Redusert trafikk:

Trafikken forbi skulen kan reduserast ved stenging eller einvegsregulering:

- Stenge for gjennomkøyring. Dersom det ikkje blir stengt fysisk vil det vere avhengig av skiltrespekt. Det er eventuelt politiet som må handheve ei stenging ved hjelp av trafikkskilt. Overføring av trafikk til andre vegar vil truleg bli oppfatta som negativt sjølv om det er lite trafikk totalt sett. Alternativ tilkomst for Bjårdalen 2A-2D, 4A-D og 6 er til dømes mellom Syvdefjordvegen 529 og 531. Å stenge fysisk med bom har også ulemper i høve til drift og vedlikehald av vegen og for renovasjon og liknande. Automatiske / fjernstyrte bommar kan sjølvstyre, men det har høgare investering- og driftskostnad. Ein bom må også vere synleg, og må plasserast med omsyn slik at det ikkje blir eit farleg hinder for til dømes syklende eller svaksynte.
- Einvegsregulering. Det er også avhengig av skiltrespekt. Til liks med stenging vil det også overføre meir trafikk til andre vegar.



Figur 3 Alternativ tilkomst mellom Syvdefjordvegen 529 og 531 (Google Street View)

Separering av trafikantgrupper, fortau og gangfelt:

Med lite trafikk og lavt fartsnivå er det er ikkje noko krav om fortau og/eller gangfelt i dette området, jf. innklippa nedanfor som er frå Statens vegvesen si handbok N100:

KRAV 1.4 **KAN**

GJELDENDE FRA 22.06.2021

Vegar med liten trafikkmengde og lav fart kan ha blandet trafikk. Ved høgere fart og større trafikkmengder er det som regel separate løsnings for ulike trafikantgrupper.

Med "separate løsnings" meiner ein til dømes fortau eller gang- og sykkelveg.

Oppdragsgiver: Vanylven kommune
Oppdragsnr.: 52206470 Dokumentnr. 1

4.2.4.1 Gangfelt og tilrettelagte kryssingspunkter

KRAV 4.102 **SKAL**

GJELDENDE FRA 22.06.2021

I boligområder med 30 km/t skal det ikke være gangfelt.

KRAV 4.103 **SKAL**

GJELDENDE FRA 22.06.2021

I sentrumsområder med fartsgrense 30 km/t skal gangfelt anlegges i konsentrerte kryssingspunkter med mange kryssende fotgjengere i dimensjonerende time (≥ 40) eller betydelig trafikkmengde ($\text{ÅDT} \geq 8000$).

Redusert fartsnivå ved skulen:

Kommunalvegane Bjårdalen og Kvia er i dag regulert med fartsgrensesone 30 km/t. Fartsnivået i høve til fartsgrensa er mellom anna avhengig av vegstandard. Bjårdalen framstår som ein smal veg der det er lite plass til å kunne møtast utanom kryss eller avkøyrslar. Det er då ingen grunn til å tru at det er særskilt høgt fartsnivå i dette området.

Fartsreduserande tiltak er gjerne sidehinder eller fartshumpar. Vegen er så smal at sidehinder ikkje er aktuelt. På lokalveggar med fartsgrense 30 km/t er det ikkje uvanleg med fartshumpar. Humpar kan endre avrenninga frå vegen noko. I dette området har kv. Bjårdalen ein del lengdefall (bakke), så ein bør tenke over eventuelle slike endringar dersom ein ynskjer å etablere fartshump i området ved skulen.

Veglys:

I Bjårdalen er det etablert veglys, og det er lyspunkt i nærleiken av aktuelle punkt der ungdomsskuleelevane vanlegvis vil krysse vegen. Ideelt sett kunne det nok ha vore sterkare belyst, men det kan ikkje vurderast som ein stor mangel.



- Ut frå trafikkmengda, vegstandard og fartsnivå til biltrafikken ser ein ikkje at det er klare behov for trafikktryggingstiltak i dette området.

Oppdragsgiver: Vanylven kommune
Oppdragsnr.: 52206470 Dokumentnr. 1

3. Andre fysiske tiltak

Sjølv om det ikkje er naturleg å setje i verk trafikkregulerande tiltak, er det nokre tilhøve som ein kan gjere noko med.

I området ved skulen er kv. Bjårdalen relativt bratt, og sideterreng og vegetasjon kan gjere at siktilhøva kan vere dårlege.




Figur 4 Trafikkelement ved skulen (kommunekart.com)

- **Blå oval:** Område framfor inngang til biblioteket der det ikkje bør vere høve til å parkere
- **Oransje oval:** Utflytande og unødvendig stort trafikkareal som kan strammast opp
- **Raud linje:** Lengdefall på vegen i området, jf. tilleggsfiguren over.
- **Gule piler:** Døme på siktilinjer og siktbehov mellom gangområder og køyreveg.


Sjølv om ein ikkje etablerer gangfelt bør ein syte for at det er tilstrekkeleg med sikt til naturlege kryssingspunkt. Med fartsgrense/fartsnivå 30 km/t bør det vere 24 meter sikt til eit punkt 2 meter til sides for vegen, jf. neste figur.

Oppdragsgiver: Vanylven kommune
Oppdragsnr.: 52206470 Dokumentnr. 1




Figur 5 Siktkrav til gangfelt og kryssingspunkt (Svv handbok V127, figur 3.4)

Elevar vil kunne nytte fleire av inngangane i løpet av ein skuledag. Ved inngangen i 3. høgda bør det ikkje vere høve til å ha ordinær parkering, jf. blå oval i Figur 4 og den blå parkerte bilen i Figur 7. Totalt sett ser det ut til å vere bra med sikt ved dei naturlege kryssingspunktta.



Figur 6 Gjennomsiktleig gjerde gir bra sikt (Google Street View)



Figur 7 Vegetasjon hindrar litt sikt, men er "verst" med tanke på vikeplikt for trafikk frå høgre (Google Street View)

Oppdragsgiver: Vanylven kommune
Oppdragsnr.: 52206470 Dokumentnr. 1

Det utflytande kryssområdet mellom kv. Bjårdalen, kv. Kvia og gang- og sykkelvegen kan med fordel strammast opp, jf. figuren nedanfor. Første del av gang- og sykkelvegen er også vegtilkomst for Bjårdalen nr. 29 og 31, ei regulering som er relativt vanleg. Det er ei svært brei og romsleg utforming i dette kryssområdet, og det er lite som minner om gang- og sykkelveg kombinert med vegtilkomst/avkøyrse.



Figur 8 Utflytande og stort trafikkområde (Google Street View)

Biltrafikk på gang- og sykkelvegen er framstilt som eit problem. I vidare vurdering må Vanylven kommune vurdere alternativ for naudsynt trafikk med vareleveransar til Syvde skule. Når ein ved underskilt gir løyve til varelevering eller liknande, kan ein ikkje samstundes vere misnøgd med at det blir trafikk på gang- og sykkelvegen.



Figur 9 Start på gang- og sykkelvegen. Tilkomst til nr. 29 og 31 til venstre, skilt med underskilt som gir løyve til varelevering er markert med raud oval (Google Street View)

Oppdragsgiver: Vanylven kommune
Oppdragsnr.: 52206470 Dokumentnr. 1

Oppsummering og etterord

- Ut frå busetnad og vegstandard kan ein forvente lite trafikk og moderat/lavt fartsnivå på biltrafikk i kv. Bjårdalen.
- Ein må kunne forvente at ungdomsskuleelevar har ein viss kunnskap om og røynsle med trafikkreglar og ferdsel i trafikken.
 - Ut frå vanlege standardkrav og vurderingar er det vanskeleg å sjå at trafikken i kommunal veg Bjårdalen utgjør ein trafikkfare for ungdomsskuleelevar som kryssar vegen.
 - Utflytande trafikkareal ved start på gang- og sykkelvegen og ved inngangspartiet til biblioteket kan med fordel få ei betre og strammare utforming.

Ut frå eit trafikktryggingssynspunkt kan ein like gjerne vurdere lokaliseringa av ungdomsskulen inntil fylkesveg 652 med fartsgrense 50 km/t og ein gjennomsnittleg døgntrafikk på om lag 1150 køyretøy/dag. Det er over 20 år sidan siste politirapporterte trafikkulykke langs denne delen av fv. 652 (kjelde: NVDB/vegkart.no). Området framstår ikkje som særskilt ulykkesutsett. Men dersom Bjårdalen 2 vert ny ungdomsskule, kan det hende at dagens ferdselsmønster og kryssingsbehov på fylkesvegen vert noko endra. Det er kort avstand mellom den nye ungdomsskulen og daglegvarebutikken. Er dagens gangfelt på rette staden?

Ein må eventuelt sjå på dette i ein større samanheng i samråd med vegeigar Møre og Romsdal fylke.

Ved gangfelt og kryssingspunkt skal det vere tilstrekkeleg med veglys og ikkje for høgt fartsnivå. Aktuelle tiltak er til dømes forsterka vegbelysning og heva gangfelt (gangfeltet etablert som trapeshump). For å unngå villkryssing på fv. 652 mellom skulen og daglegvarebutikken, kan det i tillegg vere aktuelt å etablere ledegjerder i trafikkdelar/rabatt mellom gangveg/fortau og køyrebanen på ei strekning i dette området.



Figur 10 Daglegvare (raud), "nyeskulen" (blå) og dagens gangfelt (gul) (kommunekart.com)

D01	2022-09-14	Oversending for gjennomgang	HAADIM	BHJ	HAADIM
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Notat

Oppdragsgiver: Vanylven kommune
Oppdragsnr.: 52206470 Dokumentnr. 1